



Dykkar ref.:

Vår ref.: 19/9012-BET

Arkiv: K1 - 033

Dato: 23.12.2019

## Referat frå møte i SMU og SU

Møtetidspunkt: Måndag 7. november 2019 kl. 09.00- 11.00

Møtestad: Konferanserommet Finnøy sentralskule

Tilstade:

Toralf Ladstein, foreldrerepresentant i SMU/SU og leiar av FAU

Maren Koch, foreldrerepresentant i SMU/SU

Ingeborg Bø Rolfsen, foreldrerepresentant i SMU

Ragnhild Aandstad, elevrepresentant i SMU/SU

Ådne Olsen, elevrepresentant i SMU/SU

Thomas Kjørmo Ueland, elevrepresentant i SMU

Jone Bringeland, lærarrepresentant i SMU/SU

Tor Magne Moen, lærarrepresentant i SMU/SU

Joanna Mowinska, representant for andre tilsette i SMU/SU

Ingvild Steen, representant frå kommunen i SMU/SU

Bente Tjelta, representant frå kommunen i SMU/SU

### Saker SMU

Sak 1 19/20    Konstituering  
Desse blei valt:

Leiar: Toralf Ladstein

Nestleiar: Maren Koch

Sak 2 19/20    Presentasjon av Plan for godt læringsmiljø.

Positive ting for læringsmiljøet:

- Sosialt med fellesturar – haustturen var kjekk
- God stemning også på idrettsdagar
- Bra med trivselsleiarar i friminutta
- Vera inne i matfriminutta for ungdomstrinnet – sosialt

Elevrådet på ungdomstrinnet har gjort ein kjempegod jobb for å få til sosialt inne i friminutta. Dei har fått kjøpt inn airhockey- og biljardbord  
Ungdomstrinnet opplever at ein har nok vaksne rundt seg.

Ungdomstrinnet ynskjer aktivitetsapparat til å ha ute. Korleis kan me skaffa pengar? Skulen har fått nokre pengar frå ungdomsrådet. Kanskje kan me bruka dei? Foreldra lurer på om frivillige kunne vore med på å laga til kantina. Elevane trur at det kunne vore bra. Rektor kan ta det vidare med Frivilligsentralen.

Sak 3 19/20 Presentasjon av utviklingsarbeidet ved skulen  
Skulene har laga eit utkast til sosial plan som me prøvar ut dette skuleåret. Planen blir revidert og utvikla gjennom skuleåret. Me trenar på ulike grunnleggjande dugleikar gjennom året og har i august/september hatt fokus på empati, i oktober hadde me fokus på respekt og no i november skal me trenar på samarbeid. Nytt av året er også samlinga «God morgon, Finnøy!» som er ei storsamling for heile skulen. Parallelt med dette, arbeidar me med skulen sine fire verdiar som blei bestemt i vår, respekt, læringsglede, mangfald og tryggleik.

Nokon av elevane opplever at ein har fokus på dugleikane.  
Det er koseleg og kjekt med God morgon Finnøy!

Sak 3 19/20 Plan for heim- skule samarbeidet 19/20  
Viser til vedlagt plan. Merk forslag til datoar for SMU/SU møte på våren, 13/1, 25/3 og 8/6.  
Innspeil:  

- Flytta 13/1 til 20/1
- Endra namn frå foreldresamtalar til utviklingssamtalar?
- Foreldre opplever ulikt i forhold til om elevane får vera med eller ikkje.
- Oppfordre til at fedrane også er med på samtalane.
- Bli einige på skulen kva ein ynskjer i forhold til elev med på elevsamtale.

Sak 4 19/20 Saker frå FAU  
FAU jobbar med eit forslag til korleis alle elevane i kommunen kan bidra likt til klassekassen frå 8. trinn.

Sak 5 19/20 Saker frå elevrådet  
Barnetrinnet jobbar med:  
-Skulegenser – bytta Logo. Barnetrinnsrepresentanten synes det var vanskeleg med bestillinga pga rot.  
-Gløgg og kahoot for dei andre elevane før jul  
-Ping-pong bord. Hærverk på bordet om kveldane. Kan det bli tatt inn etter skuletid?

Ungdomstrinnet jobbar med:  
-Aktivitetsapparat til å ha ute  
-Juleaktivitet for elevane, t.d. servera gløgg  
-Aktivitatar og ansvar for Kulturstova i friminutta

Elevråda ynskjer å fiksa tennisbanen. Rektor sjekkar med vaktmeister om kva som skal til.

Sak frå rektor: Foreldreundersøkinga. SMU ynskjer å gjennomføra foreldreundersøkinga på våren.  
Sak på neste møte

Saker SU:

- Sak 1 19/20    Konstituering  
Same som SMU
- Sak 2 19/20    Fagfornyninga  
Ny overordna del kom for eit år sidan og reviderte læreplanar kjem i november. Nye planar skal gjelda frå 2020. Skulen skal vera med i eit samarbeidsprosjekt med Håland skole i Sola kommune. Rektor vil informera om korleis ein skal implementera dei nye planane og samarbeidet med Håland.

Ta saka neste møte

- Sak 3 19/20    Forslag til SFO vedtekter  
I høve kommunesamanslåinga skal det bli utarbeidd nye vedtekter for SFO. Vedlagt finn de forslag til nye vedtekter. Ein legg også ved dei gjeldande vedtektene slik at ein kan samanlikna. Den største endringa er at SFO skal ha ope alle kvardagar med unntak av juli og 5 planleggingsdagar. Alle skal betala for 11 månader. I dei nye vedtektene kan ein berre søkje om tilbod på 60% (tre dagar) eller 100% (fem dagar).

Høyringsvar frå SU: Ynskjer ein sats på 40%. Få behalda dei satsane me har fram til sommarferien.

- Sak 4 19/20    Informasjon og tankar om «nye Stavanger»  
Rektor vil informera om dei endringane som vil gjelde for skulen. I tillegg vil ein ha ein refleksjonsrunde på kva tankar ein har om nye Stavanger kommune.

Det blir spennande å koma inn i ein større kommune, nye kollegaer, nye idear mm. Ein er spent på korleis det vil påverka kvardagen.

Med helsing

Bente Tjelta  
rektor

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.*

**Mottakarar:**

Bente Tjelta	rektor	4160	FINNØY
Ingeborg Bø Rolfsen	Fognavegen 45	4164	FOGN
Ingvild Sevheim Steen	Representant for kommunen		
Joanna Mowinska	Representant andre tilsette		
Jone Bringeland	lærer		
Maren Koch	Østabøkroken 1	4163	TALGJE
Ragnhild Aandstad	Elevrepresentant for ungdomstrinnet		
Thomas Kjørmo Ueland	Elevrepresentant SMU		
Tor Magne Moen	lærer		
Toralf Ladstein	Foreldrerepresentant		
Toralf Ladstein	Foreldrerepresentant		
Ådne Olsen	Elevrepresentant for mellomtrinnet		

